

**16 uskedelingar i karusellrenn**

06.02.2012

**16 uskedelingar var med då Matre idrettslag søndag arrangerte karusellrenn nummer 2 denne sesongen i Fjellhaugen****Det var også deltaking frå Uskedalen i barnerennet som gjekk før karusellen.**

I klassa for dei under 10 år, som ikkje er tevling om å bli best, var Andrea Hjelmeland og Silje Soldal med i jenteklassa og desse 4 i guteklassa: Sondre Klyve, Viljar S. Tveit, Martin Hjelmeland Arnesen og Tørres Myklebust Lekva.

I guteklassa for 11-åringane var Jarand Jensen Eide og Harald Myklebust Lekva nummer 4 og 5.

Veslemøy Haugland som går i 12-årsklassa vann denne over eitt minutt foran Kari Eide frå Rosendal.

I 13-årsklassa vart Solveig Haugland nummer 2 og ho var 9 sekunder etter Sara Guddal frå Rosendal.

Tord Sæle vann 14-årsklassa over eit minutt foran Jonas Are Mehl frå Rosendal

Ingebjørg Haugland som var åleine i 17-årsklassa gjekk på 22,27

I klasse menn 36-40 år vart Bjørn Olav Tveit nummer 3 med 41,32 medan vinnaren Håvard Pedersen frå Ternen hadde 35,21

Steinar Haugland, som var åleine i klasse 41-45 år, gjekk på 38,21, I menn 51-55 år gjekk Tormod Myklebust på 42,17 og var andremann etter Magne Heien frå Ternen som kom inn på 39,50 Pål Haugland i klassen 61-65 gjekk på 45,55. Alle i mannsklassene gjekk 10 kilometer.

Neste karusellrenn er på kveldstid, om onsdagen